

**Utval:** Utval for kultur, idrett og regional utvikling  
**Møtestad:** Fylkesutvalssalen, 3. etg., Fylkeshuset  
**Dato:** 25.10.2017  
**Tidspunkt:** 11:00 – 14:15

**Følgjande faste medlemmer møte:**

Namn	Funksjon	Representerer
Beate Husa	Leiar	KrF
Kjell Gitton Håland	Nestleiar	A
Siri Klokkestuen	Medlem	A
Katrin Innvær Ankervold	Medlem	A
Gunn Berit Lunde Aarvik	Medlem	A
May Eva Sandvik	Medlem	H
Neshe Lie	Medlem	H
Gunnar Bakke	Medlem	Frp
Anita Garlid Johannessen	Medlem	Frp
Sara Hamre Sekkingstad	Medlem	Sp
Geir Kjell Andersland	Medlem	V/MDG    Frå kl. 13.00

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Namn	Funksjon	Representerer
Espen Berntsen	Medlem	A
Olav Kvinge	Medlem	H

**Følgjande varamedlemmer møte:**

Namn	Møtte for	Representerer
Kari Foseid Aakre	Espen Berntsen	A
Christer Lilleskare Olsen	Olav Kvinge	H
Elizabeth Toft Erichsen	Geir Kjell Andersland	V    Møtte kl. 11.00-13.00

**Frå administrasjonen møte:**

Namn	Stilling
Per Morten Ekerhovd	Kst. fylkesdirektør kultur og idrett
Ronny Skaar	Utviklingssjef kultur- og idrettsavdelinga
David Aasen	Kst. fylkeskonservator
Bård Sandal	Fylkesdirektør regional utvikling
Eva Katrine Ritland Taule	Seniorrådgjevar Seksjon for plan - REG.AVD
Odd Kenneth Mellingen	Stabsleiar kultur- og idrettsavdelinga

Odd Kenneth Mellingen  
sekretær

**Sakliste**

<b>Utvals- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off.</b>
PS 120/17	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 121/17	Godkjenning av møtebok frå forrige møte		
PS 122/17	Referatsaker (meldingar)		
RS 55/17	Søknader til ordninga "Partnerskapsmidlar til regionale utviklingsaktørar 2018-2020"	2017/15875	
RS 56/17	Melding om endeleg vedtak av Regional plan for areal- og transport på Haugalandet	2014/1512	
RS 57/17	Oversikt over tilsegn frå Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland per 30.09.2017	2014/10180	
RS 58/17	Oste-VM 2018 til Bergen	2017/15821	
RS 59/17	Fylkesvis fordeling av breibandtilskot for 2017	2017/15838	
RS 60/17	Referat vedtak - Kulturkomite Sykkel-VM 2017	2014/1636	
RS 61/17	Rapport fra årsmøtet i Nordskjøkkommisjon 2017	2014/22155	
PS 123/17	Pilotprosjekt for utbygging av digitalt kjernenett på Vestlandet	2016/8505	
PS 124/17	Fylkeskommunalt investeringstilskot til idrettsanlegg 2017	2017/2653	
PS 125/17	Melding om nye nettiltak til Haugalandet. Høyringsfråsegn.	2017/14537	
PS 126/17	Kulturminneplan 2017-2027 - Radøy kommune	2017/15377	
PS 127/17	Kulturelt utviklingsprogram - tildeling 2017	2017/1325	
PS 128/17	Søknad om samtykke til etablering av handelsareal til Biltema i Heiane Vest næringsområde - Stord kommune	2017/15242	
PS 129/17	Tilskotsordninga Museumsløft 2017 - Fordeling av midlar	2017/8481	
PS 130/17	Tildelingar Hordaland fylkeskommune sine kunstnarstipend 2017	2017/1326	X
PS 131/17	Ymse		

## **PS 120/17 Godkjenning av innkalling og saksliste**

### **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 25.10.2017**

Merknad:

#### **Vedtak**

Kst. fylkesdirektør kultur og idrett, Per Morten Ekerhovd opplyste om at grunna nye opplysningar vert *PS 124/17 Fylkeskommunale investeringsstilskot til idrettsanlegg 2017* trekt, og at ein kjem attende med ny sak i neste møte i KIRU.

Utvalsleiar Beate Husa viste til PS 128/17 og presiserte at dokument send på e-post frå Biltema til utvalsmedlemene før møtet, ikkje er del av saksutgreiinga, slik at det er fylkesrådmannen sitt saksframlegg som er grunnlag for behandlinga i utvalet. Medlem Gunnar Bakke hadde ikkje fått denne e-posten, og bad om at den vart sendt til alle medlemene i utvalet.

Innkallinga og sakliste vart elles godkjent slik den låg føre.

## **PS 121/17 Godkjenning av møtebok frå forrige møte**

### **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 25.10.2017**

#### **Vedtak**

Møteprotokollen frå møte i utval for kultur, idrett og regional utvikling 13.09.2017 vart godkjent utan merknader.

## **PS 122/17 Referatsaker (meldingar)**

### **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 25.10.2017**

#### **Vedtak**

Referatsaker 55-61/17 vart tekne til orientering.

## **PS 123/17 Pilotprosjekt for utbygging av digitalt kjernenett på Vestlandet**

#### **Forslag til vedtak**

Hordaland fylkeskommune meiner det er fornuftig at nye folkevalde regionar får ei sentral rolle når det gjeld koordinering og planlegging av digital infrastruktur. Dette kan bidra til reduserte utbyggingskostnader og raskare utbygging, og samstundes sikre betre koordinering mellom aktørar innan regionen. I tillegg kan det regionale nivået sikre samanhengen mellom utbygging av digital infrastruktur, og andre investeringar og satsingar for utvikling i ulike delar av regionen.

Det er også ynskjeleg at Hordaland fylkeskommune tar ei aktiv rolle overfor både kommunane, staten og dei private aktørane, med omsyn til planlegging og utbygging av digital infrastruktur.

Som eit ledd i dette arbeidet får fylkesrådmannen i oppgåve å førebu Hordaland fylkeskommune på å søkja om deltaking i NKOM sitt pilotprosjekt for utbygging av alternative kjernenett på Vestlandet.

### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 18.10.2017**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

#### **Innstilling til fylkesutvalet**

Hordaland fylkeskommune meiner det er fornuftig at nye folkevalde regionar får ei sentral rolle når det gjeld koordinering og planlegging av digital infrastruktur. Dette kan bidra til reduserte utbyggingskostnader og raskare utbygging, og samstundes sikre betre koordinering mellom aktørar innan regionen. I tillegg kan det regionale nivået sikre samanhengen mellom utbygging av digital infrastruktur, og andre investeringar og satsingar for utvikling i ulike delar av regionen.

Det er også ynskjeleg at Hordaland fylkeskommune tar ei aktiv rolle overfor både kommunane, staten og dei private aktørane, med omsyn til planlegging og utbygging av digital infrastruktur.

Som eit ledd i dette arbeidet får fylkesrådmannen i oppgåve å førebu Hordaland fylkeskommune på å søkja om deltaking i NKOM sitt pilotprosjekt for utbygging av alternative kjernenett på Vestlandet.

### **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 25.10.2017**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Innstilling**

Hordaland fylkeskommune meiner det er fornuftig at nye folkevalde regionar får ei sentral rolle når det gjeld koordinering og planlegging av digital infrastruktur. Dette kan bidra til reduserte utbyggingskostnader og raskare utbygging, og samstundes sikre betre koordinering mellom aktørar innan regionen. I tillegg kan det regionale nivået sikre samanhengen mellom utbygging av digital infrastruktur, og andre investeringar og satsingar for utvikling i ulike delar av regionen.

Det er også ynskjeleg at Hordaland fylkeskommune tar ei aktiv rolle overfor både kommunane, staten og dei private aktørane, med omsyn til planlegging og utbygging av digital infrastruktur.

Som eit ledd i dette arbeidet får fylkesrådmannen i oppgåve å førebu Hordaland fylkeskommune på å søkja om deltaking i NKOM sitt pilotprosjekt for utbygging av alternative kjernenett på Vestlandet.

### **PS 124/17 Fylkeskommunalt investeringstilskot til idrettsanlegg 2017**

#### **Forslag til vedtak**

Utval for kultur, idrett og regional utvikling fordeler Løyvinga på kr 2 mill. i investeringstilskot til idrettsanlegg av regional og nasjonal verdi for 2017 slik:

Stord kommune	Stord Hestesportsenter	kr 1 000 000
Stord kommune	Vikahaugane ishall	kr 1 000 000

Løyvinga skal førast over budsjettpost 10.400.410.09.14700 fylkeskommunalt investeringstilskot

### **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 13.09.2017**

**Gunnar Bakke (Frp)** sette fram slikt forslag til vedtak:

«Saka vert utsett til neste møte.»

#### **Røysting**

Bakke sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Saka vert utsett til neste møte.

### **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 25.10.2017**

#### **Vedtak**

Saka vart trekt grunna nye opplysningar i saka. Ny sak vil bli lagt fram i neste møte i utvalet.

## **PS 125/17 Melding om nye nettiltak til Haugalandet. Høringsfråsegn.**

### **Framlegg til innstilling**

1. Av omsyn til sårbart landskap, biologisk mangfald, kulturminne, friluftsliv og reiseliv i Kvinnherad, Åkrafjorden, Stordalen, Litledalen og Etnefjella rår Hordaland fylkeskommune til at vesentleg del sjøkabel frå Blåfalli og Sauda vert utgreidd på lik line med luftleidningsalternativa.
2. Av omsyn til sårbart høgfjell, kulturminne, friluftsliv og reiseliv rår Hordaland fylkeskommune frå å gå vidare med alternativ 1.0 og 1.1 frå Blåfalli, over Åkrafjorden og Stordalen til Litledalen.
3. Av omsyn til sårbart høgfjell, biologisk mangfald og friluftsliv rår Hordaland fylkeskommune frå å gå vidare med alternativ 2.1 frå Sauda gjennom Etnefjella til Litledalen.
4. Av omsyn til kulturminne i Etne rår Hordaland fylkeskommune frå å gå vidare med alternativ 3.0 frå Litledalen til Ølen. Når konfliktpotensialet dessutan er høgt for alternativ 1.0, 1.1 og 2.1, er det lite føremålstenleg å halda fram med 3.0-alternativet.
5. Alternativ 2.0 frå Sauda i sørkanten av Etnefjella står fram som den beste løysinga av luftleidningsalternativa. Sidan store delar av denne traséen går gjennom Sauda og Vindafjord har Hordaland fylkeskommune forståing for at NVE må vektleggja innspel frå Rogaland i tillegg.
6. Klimalastutfordringar og riving og omstrukturering av eksisterande nett bør vurderast grundig i utgreiingsprogrammet.
7. Sidan konfliktpotensialet er høgt for landskap, friluftsliv og reiseliv, vil fylkesrådmannen rå til særleg grundig utgreiing på desse saksfelta. Likeeins må kartlegging og vurdering av biologiske mangfald vektleggjast då kunnskapsgrunnlaget i fleire kraftsaker i Hordaland ikkje har vore i samsvar med kravet i naturmangfaldlova.
8. Som regional kulturminnemynde rår Fylkeskonservatoren i Hordaland fylkeskommune til at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminneloven blir oppfylt i samband med konsekvensutgreiinga.

### **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 25.10.2017**

**Sara Sekkingstad (Sp)** sette fram slikt forslag til vedtak på vegner av utvalet:

«Endre pkt. 8 til:

Som regional kulturminnemynde rår Fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune til at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminneloven blir oppfylt i samband med konsekvensutgreiinga.»

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke med Sekkingstad si endring til pkt.8.

### **Innstilling**

1. Av omsyn til sårbart landskap, biologisk mangfald, kulturminne, friluftsliv og reiseliv i Kvinnherad, Åkrafjorden, Stordalen, Litledalen og Etnefjella rår Hordaland fylkeskommune til at vesentleg del sjøkabel frå Blåfalli og Sauda vert utgreidd på lik line med luftleidningsalternativa.
2. Av omsyn til sårbart høgfjell, kulturminne, friluftsliv og reiseliv rår Hordaland fylkeskommune frå å gå vidare med alternativ 1.0 og 1.1 frå Blåfalli, over Åkrafjorden og Stordalen til Litledalen.
3. Av omsyn til sårbart høgfjell, biologisk mangfald og friluftsliv rår Hordaland fylkeskommune frå å gå vidare med alternativ 2.1 frå Sauda gjennom Etnefjella til Litledalen.

4. Av omsyn til kulturminne i Etne rår Hordaland fylkeskommune frå å gå vidare med alternativ 3.0 frå Litledalen til Ølen. Når konfliktpotensialet dessutan er høgt for alternativ 1.0, 1.1 og 2.1, er det lite føremålstenleg å halda fram med 3.0-alternativet.
5. Alternativ 2.0 frå Sauda i sørkanten av Etnefjella står fram som den beste løysinga av luftleidningsalternativa. Sidan store delar av denne traséen går gjennom Sauda og Vindafjord har Hordaland fylkeskommune forståing for at NVE må vektleggja innspel frå Rogaland i tillegg.
6. Klimalastutfordringar og riving og omstrukturering av eksisterande nett bør vurderast grundig i utgreiingsprogrammet.
7. Sidan konfliktpotensialet er høgt for landskap, friluftsliv og reiseliv, vil fylkesrådmannen rå til særleg grundig utgreiing på desse saksfelta. Likeeins må kartlegging og vurdering av biologiske mangfald vektleggjast då kunnskapsgrunnlaget i fleire kraftsaker i Hordaland ikkje har vore i samsvar med naturmangfaldlova.
8. Som regional kulturminnemynde rår Fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune til at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminneloven blir oppfylt i samband med konsekvensutgreiinga.

## **PS 126/17 Kulturminneplan 2017-2027 - Radøy kommune**

### **Forslag til vedtak**

1. Kulturminneplan for Radøy 2017-2027, forankra i kommunen si verksemd, er eit godt grunnlag for forvaltning av kulturminna.
2. Kommunen bør legge til i retningslinene at sakar som gjeld kulturminne av regional eller nasjonal interesse skal sendast til Hordaland fylkeskommune for vurdering.
3. Handlingsplanen har gode tiltak som svarer på aktuelle utfordringar i Radøy kommune.
4. Tiltak i handlingsplanen for skattefritak for prioriterte kulturminne er ein god måte for kommunen å stø opp om lokale kulturminne.
5. Det er positivt at Radøy har etablert eit kommunalt kulturminnefond og satsar på kulturminnefagleg rådgjeving til private eigarar.
6. Omsynssone med retningsliner og generelle føresegner som sikrar viktige kulturminne-/miljø må innarbeidast i kommuneplanen sin arealdel når den skal rullerast.

### **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 25.10.2017**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Kulturminneplan for Radøy 2017-2027, forankra i kommunen si verksemd, er eit godt grunnlag for forvaltning av kulturminna.
2. Kommunen bør legge til i retningslinene at sakar som gjeld kulturminne av regional eller nasjonal interesse skal sendast til Hordaland fylkeskommune for vurdering.
3. Handlingsplanen har gode tiltak som svarer på aktuelle utfordringar i Radøy kommune.
4. Tiltak i handlingsplanen for skattefritak for prioriterte kulturminne er ein god måte for kommunen å stø opp om lokale kulturminne.
5. Det er positivt at Radøy har etablert eit kommunalt kulturminnefond og satsar på kulturminnefagleg rådgjeving til private eigarar.

6. Omsynssone med retningslinjer og generelle føresegner som sikrar viktige kulturminne-/miljø må innarbeidast i kommuneplanen sin arealdel når den skal rullerast.

## PS 127/17 Kulturelt utviklingsprogram - tildeling 2017

### Forslag til vedtak

Utval for kultur, idrett og regional utvikling løyver kr 6 500 000 frå konto 10.400.770 Kulturelt utviklingsprogram til:

	Søkjjar	Prosjektnamn	Periode	Tilråding	Merknad
3	ALT GÅR BRA	Den norske idealstaten (Hordaland)	2 år	200 000	
6	Bergen filmutvikling	Tilgjengeliggjøring av kulturhistorisk filmmateriale	1 år	400 000	
7	Bymuseet i Bergen	Målrettet publikumsutvikling	1 år	200 000	
10	Fjell Kommune	Lighthouse Futuredome	3 år	300 000	For 1 år
11	Foreningen Mikrolabs	Animated Live Cinema	1 år	140 000	
12	Foreningen Trykkeriet	VISUELT DEMOKRATI	2 år	330 000	
13	Hardanger og Voss museum, avd Agatunet	Riddarklubben	3 år	300 000	
17	MEMOAR	Krafttak for munnleg historie i Hordaland	2 år	170 000	Viser til føresetnader i vedlegg
18	Nattjazz	Talentutviklingsprogram for barn og unge - Jazzmetoden	1 år	300 000	
19	NORGES MUSIKKORPS FORBUND HORDALAND	Musikkorpsenes år i Hordaland	1 år	200 000	
23	S12 GALLERI OG VERKSTED AS	Air i S12	3 år	240 000	For 1 år
24	SCENEFOLK!	NO Fringe Festival - Bergen	3 år	900 000	
26	STIFTELSEN BERGEN INTERNASJONALE TEATER	Scenekunsttilbud til ungdom	3 år	400 000	
27	STIFTELSEN LYSTGÅRDEN	Menneske, mat & historier	1 år	260 000	
28	STIFTELSEN MUSEUM VEST	Museumslosen - Ei digital fellesløyving for museum - skule samarbeidet	3 år	200 000	For 1 år
29	STIFTELSEN OLE BULL AKADEMIET	Folkedans i Hordaland	2 år	780 000	
30	Stiftinga Det historiske tunet på Lyngheim	Lyngheim, Os. Det historiske tunet. Undervisningsoppl. og film.	2 år	250 000	
33	VESTLANDS-UTSTILLINGEN	Profesjonalisering og utvikling av Vestlandsutstillingen (VU)	1 år	100 000	
34	VISP - PRODUKSJONSENHET FOR VISUELL	CM7	3 år	330 000	
	<b>Til saman</b>			<b>6 000 000</b>	

Prosjekt som gjeld idrett og friluftsliv:

	Søkjær	Prosjektnamn	Periode	Tilråding	Merknad
35	BERGEN OG HORDALAND TURLAG	Kystfriluftsliv og kulturminner	3 år	500 000	For 2 år. Viser til føresetnader i vedlegg.
	<b>Til saman</b>			<b>500 000</b>	

**Følgjande søknadar blir ikkje innvilga:**

	Søkjær	Prosjektnamn	Periode	Totalbudsjett	Søknadssum
1	4H Hordaland	Nærmiljø og teater	1 år	230 000	200 000
2	AKADEMIET EIKANGER-BJØRSVIK	Utvikling av nye tiltak for å styrka korpskulturen i fylket	3 år	465 000	300 000
4	AS KALVANES	Stein på stein	3 år	719 500	360 000
5	Asbjørg Evydatter Breines	Konsept [X]	1 år	50 000	50 000
8	Daniela Ramos Arias	ART + FOLK	3 år	728 800	350 000
9	EPWISEF ASSOCIATION	Fjord Cruise og Sommer Camp til Barn og Ungdommer.	1 år	30 000	30 000
14	KUNZT SILJE MARIANN ENGJA SIGURDSEN	Skandinavias første videoblogg for kunst (vlogg).	1 år	84 000	42 000
15	LARS OVE SELJESTAD	JERNROSA Politisk Litteraturfestival	3 år	1 500 000	200 000
16	LYSHORNET SKOLEBRASS	Korps i skolen	3 år	230 000	180 000
20	NORSK VASSKRAFT- OG INDUSTRISTADMUSEUM	Senter for industriarkiv - SINDARK	3 år	4 350 000	1 200 000
21	ODDA KOMMUNE, Litteratursymposiet i Odda	Digitalisering av Bikubegang	1 år	240 000	100 000
22	ORGANISATION OF AFRICAN ASSOCIATIONS	Fortellinger som styrker identitet, tilhørighet og deltakelse i det norske samfunnet	1 år	55 200	45 000
25	STIFTELSEN BERGEN INTERNASJONALE TEATER	ZOOMING OUT – Internasjonalt diskursprogram ved teaterbiennalen Meteor 2017	1 år	590 000	80 000
31	STUDIO O AS	Motstrøm	1 år	3 391 218	250 000
32	TEATERFRØ V/ FRØYDIS FLOTVE	Bente Bratlund i 40 år; Jubileumsframsyning og ny norsk dramatik for barn og unge	1 år	422 000	50 000

Prosjekt som gjeld idrett og friluftsliv:

	Søkjær	Prosjektnamn	Periode	Totalbudsjett	Søknadssum
36	BERGEN OG HORDALAND TURLAG	Tilrettelegging funksjonshemma barn og unge på Alexander Grieg-hytten	1 år	250 000	100 000



37	Bjørgvin krets av Norges KFUK - KFUM speiderne	Bymanøver for alle	1 år	145 200	120 000
38	SPORTSKLUBBEN DJERV	Historietorget. Et idretts- og kulturhistorisk senter for Hordaland på Møhlenpris	2 år	575 000	200 000
39	STIFTELSEN DET NORSKE ARBORET	Aktiv formidling og læring ved Det norske arboret	2 år	341 000	170 000
40	Ulriken Eagles Basketballklubb	"Alle med"	3 år	250 000	200 000

### Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 25.10.2017

Medlem Sara Hamre Sekkingstad er nestleiar styret til Norges Musikkorpsforbund Hordaland og ønskte utvalet si vurdering om habilitet.

Eit samla utval vedtok at Sekkingstad var ugild jfr. forvaltningslova § 6, bokstav e, og ho gjekk frå.

Det var 12 meldemar til stades

#### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### Vedtak

Utval for kultur, idrett og regional utvikling løyver kr 6 500 000 frå konto 10.400.770 Kulturelt utviklingsprogram til:

	Søkjar	Prosjektnamn	Periode	Tilråding	Merknad
3	ALT GÅR BRA	Den norske idealstaten (Hordaland)	2 år	200 000	
6	Bergen filmutvikling	Tilgjengeliggjøring av kulturhistorisk filmmateriale	1 år	400 000	
7	Bymuseet i Bergen	Målrettet publikumsutvikling	1 år	200 000	
10	Fjell Kommune	Lighthouse Futuredome	3 år	300 000	For 1 år
11	Foreningen Mikrolabs	Animated Live Cinema	1 år	140 000	
12	Foreningen Trykkeriet	VISUELT DEMOKRATI	2 år	330 000	
13	Hardanger og Voss museum, avd Agatunet	Riddarklubben	3 år	300 000	
17	MEMOAR	Krafttak for munnleg historie i Hordaland	2 år	170 000	Viser til føresetnader i vedlegg
18	Nattjazz	Talentutviklingsprogram for barn og unge - Jazzmetoden	1 år	300 000	
19	NORGES MUSIKKORPS FORBUND HORDALAND	Musikkorpsenes år i Hordaland	1 år	200 000	
23	S12 GALLERI OG VERKSTED AS	Air i S12	3 år	240 000	For 1 år
24	SCENEFOLK!	NO Fringe Festival - Bergen	3 år	900 000	
26	STIFTELSEN BERGEN INTERNASJONALE TEATER	Scenekunsttilbud til ungdom	3 år	400 000	
27	STIFTELSEN LYSTGÅRDEN	Menneske, mat & historier	1 år	260 000	

28	STIFTELSEN MUSEUM VEST	Museumslosen - Ei digital fellesløsning for museum - skule samarbeidet	3 år	200 000	For 1 år
29	STIFTELSEN OLE BULL AKADEMIET	Folkedans i Hordaland	2 år	780 000	
30	Stiftinga Det historiske tunet på Lyngheim	Lyngheim, Os. Det historiske tunet. Undervisningsoppl. og film.	2 år	250 000	
33	VESTLANDS-UTSTILLINGEN	Profesjonalisering og utvikling av Vestlandsutstillingen (VU)	1 år	100 000	
34	VISP - PRODUKSJONSENHET FOR VISUELL	CM7	3 år	330 000	
	<b>Til saman</b>			<b>6 000 000</b>	

Prosjekt som gjeld idrett og friluftsliv:

	Søklar	Prosjektnamn	Periode	Tilråding	Merknad
35	BERGEN OG HORDALAND TURLAG	Kystfriluftsliv og kulturminner	3 år	500 000	For 2 år. Viser til føresetnader i vedlegg.
	<b>Til saman</b>			<b>500 000</b>	

**Følgjande søknadar blir ikkje innvilga:**

	Søklar	Prosjektnamn	Periode	Totalbudsjett	Søknadssum
1	4H Hordaland	Nærmiljø og teater	1 år	230 000	200 000
2	AKADEMIET EIKANGER-BJØRSVIK	Utvikling av nye tiltak for å styrka korpskulturen i fylket	3 år	465 000	300 000
4	AS KALVANES	Stein på stein	3 år	719 500	360 000
5	Asbjørg Evydatter Breines	Konsept [X]	1 år	50 000	50 000
8	Daniela Ramos Arias	ART + FOLK	3 år	728 800	350 000
9	EPWISEF ASSOCIATION	Fjord Cruise og Sommer Camp til Barn og Ungdommer.	1 år	30 000	30 000
14	KUNZT SILJE MARIANN ENGJA SIGURDSEN	Skandinavias første videoblogg for kunst (vlogg).	1 år	84 000	42 000
15	LARS OVE SELJESTAD	JERNROSA Politisk Litteraturfestival	3 år	1 500 000	200 000
16	LYSHORNET SKOLEBRASS	Korps i skolen	3 år	230 000	180 000
20	NORSK VASSKRAFT- OG INDUSTRISTADMUSEUM	Senter for industriarkiv - SINDARK	3 år	4 350 000	1 200 000
21	ODDA KOMMUNE, Litteratursymposiet i Odda	Digitalisering av Bikubegang	1 år	240 000	100 000
22	ORGANISATION OF AFRICAN ASSOCIATIONS	Fortellinger som styrker identitet, tilhørighet og deltakelse i det norske samfunnet	1 år	55 200	45 000

25	STIFTELSEN BERGEN INTERNASJONALE TEATER	ZOOMING OUT – Internasjonalt diskursprogram ved teaterbiennalen Meteor 2017	1 år	590 000	80 000
31	STUDIO O AS	Motstrøm	1 år	3 391 218	250 000
32	TEATERFRØ V/ FRØYDIS FLOTVE	Bente Bratlund i 40 år; Jubileumsframsyning og ny norsk dramatik for barn og unge	1 år	422 000	50 000

Prosjekt som gjeld idrett og friluftsliv:

	Søkjjar	Prosjektnamn	Periode	Totalbudsjett	Søknadssum
36	BERGEN OG HORDALAND TURLAG	Tilrettelegging funksjonshemma barn og unge på Alexander Grieg- hytten	1 år	250 000	100 000
37	Bjørgvin krets av Norges KFUK - KFUM speiderne	Bymanøver for alle	1 år	145 200	120 000
38	SPORTSKLUBBEN DJERV	Historietorget. Et idretts- og kulturhistorisk senter for Hordaland på Møhlenpris	2 år	575 000	200 000
39	STIFTELSEN DET NORSKE ARBORET	Aktiv formidling og læring ved Det norske arboret	2 år	341 000	170 000
40	Ulriken Eagles Basketballklubb	"Alle med"	3 år	250 000	200 000

## PS 128/17 Søknad om samtykke til etablering av handelsareal til Biltema i Heiane Vest næringsområde - Stord kommune

### Forslag til innstilling

Med heimel i *Regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel* vert det ikkje gitt samtykke til etablering av Biltema i Heiane Vest næringsområde. Etablering av detaljhandel som Biltema i næringsområde, utanfor senterstrukturen, er ikkje i samsvar med føresegna i den regionale planen og fell ikkje inn under unntaksreglane.

### Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 25.10.2017

**Gunnar Bakke (Frp)** sette fram slikt forslag til vedtak på vegner av Frp og H:

«Hordaland fylkeskommune legg til grunn Stord kommune sine vurderingar og har såleis ingen innvending til søknaden.»

**Kjell Håland (A)** sette fram slikt forslag til vedtak på vegner av A, Krf og Sp:

«1. Fylkesutvalet gir samtykke til etablering av Biltema i Heiane Vest næringsområde.

2. Sjølv om Fylkesutvalet ser at etablering av Biltema med sine varetyper ikkje er fullt i samsvar med føringene i *Regional plan for attraktive senter i Hordaland*, - finn ein i dette tilfelle det rett å gje samtykke til søknaden m.a. utifrå følgjande:

- Søknaden om etablering/utvidinga ligg berre 300-400 m. vest for dagens etablering på «gamle» Heiane og det er naturleg å sjå på Heiane-området som eit samla næringsområde.
- Fylkesutvalet meiner at etablering av Biltema i Heiane Vest vil styrke Stord som regionsenter og føre til mindre handelslekkasje og trafikk ut frå kommunen/regionen.

3. Fylkesutvalet oppmoder Stord kommune i samarbeid med kommunane i regionen å gjennomføre ein overordna handelsanalyse.»

**May Eva Sandvik (H)** sette fram slikt forslag til vedtak på vegner av H og Frp:

«Nytt pkt. Fylkesutvalet ber om ei rullering av Regional plan for attraktive senter i Hordaland.»

### Røysting

Bakke sitt forslag fekk 6 røyster (Frp, H og V) mot 7 røyster og fall.

Håland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Sandvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag fekk ingen røyster og fall.

### Innstilling

1. Fylkesutvalet gir samtykke til etablering av Biltema i Heiane Vest næringsområde.
2. Sjølv om Fylkesutvalet ser at etablering av Biltema med sine varetyper ikkje er fullt i samsvar med føringene i Regional plan for attraktive senter i Hordaland,- finn ein i dette tilfelle det rett å gje samtykke til søknaden m.a. utifrå følgjande:
  - Søknaden om etableringa/utvidinga ligg berre 300-400 m. vest for dagens etablering på «gamle» Heiane og det er naturleg å sjå på Heiane-området som eit samla næringsområde.
  - Fylkesutvalet meiner at etableringa av Biltema i Heiane Vest vil styrke Stord som regionsenter og føre til mindre handelslekkasje og trafikk ut frå kommunen/regionen.
3. Fylkesutvalet oppmoder Stord kommune i samarbeid med kommunane i regionen å gjennomføre ein overordna handelsanalyse.
4. Fylkesutvalet ber om ei rullering av Regional plan for attraktive senter i Hordaland.

## PS 129/17 Tilskotsordninga Museumsløft 2017 - Fordeling av midlar

### Forslag til vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling løyver kr 2 000 000 frå budsjettpost 10.400.660.00 Museumsløft slik:

	Søkjjar	Prosjektnamn	Totale utgifter NOK	Søknads-sum NOK	Løyving NOK
1.	Stiftelsen Bymuseet i Bergen	Revisjon av driftsavtalar - Juridisk kompetanse.	220 000	220 000	<b>220 000</b>
3.	Museumssenteret i Hordaland, avd. Bevaringstenestene	Innkjøring og utprøving av mobilt varmekammer (Fellessøknad)	900 000	400 000	<b>200 000</b>
4.	Museumssenteret i Hordaland, avd. Norsk Trikotasjemuseum	Utvikling av tematisk ansvarsmuseum for industriarven.	400 000	400 000	<b>50 000</b>
6.	Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum	Digitalisering og tilgjengeliggjering av Bergens Sjøfartsmuseums fotosamling.	890 000	150 000	<b>150 000</b>
7.	Sunnhordland museum	Nettverk maritim historie - museumssamarbeid med lokale aktørar.	455 000	380 000	<b>380 000</b>
9.	Nynorsk kultur-sentrum (I samarbeid med Sunnhordland museum)	Økland-huset: eit forprosjekt for ny modell for forvaltning og drift av kunstnarheimar.	390 000	240 000	<b>150 000</b>

10.	Den Weis-Rosenkronske Stiftelse	Ny digital historisk utstilling med utgangspunkt i ny forskningsplan pkt 7.	350 000	200 000	<b>185 000</b>
11.	Norsk Vasskraft- og industriadmuseum	Biletspelet Industripionerane.	1 505 000	325 000	<b>325 000</b>
12.	Museumssenteret i Hordaland (i samarbeid med Hardanger og Voss museum og Sunnhordland museum)	Utvikle samarbeidsmodell for musea i Hordaland for å sikre og vidareføre den tekstile kunnskapsarven.	456 000	340 000	<b>340 000</b>
				<b>Til saman</b>	<b>2 000 000</b>

2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling avslår følgjande søknader:

	Søklar	Prosjektnamn	Totale utgifter NOK	Søknads-sum NOK	Løyving NOK
2.	Museumssenteret i Hordaland, avd. Bevaringstenestene	Nytt fellesmagasin for musea i Hordaland, vidareføring av søknad frå 2016. (Fellessøknad)	700 000	322 000	<b>0</b>
5.	Stiftelsen Bymuseet i Bergen	Avfukting - Museumsbygg/magasin.	250 000	250 000	<b>0</b>
8.	Stiftelsen Museum Vest	Museumsslosen - digital fellesløsning for museum-skule samarbeid.	1 950 000	200 000	<b>0</b>

### Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 25.10.2017

Fast medlem i utvalet, Geir Kjell Andersland (V) tok over for vara Elizabeth Toft Erichsen som gjekk frå resten av møtet.

Følgjande bad om å få vurdert habiliteten sin:

May Eva Sandvik – varamedlem i styret for Sunnhordland museum har møtt ein gong.

Kari Foseid Aakre – nestleiar i Museumssenteret i Hordaland

Gunnar Bakke – styremedlem i Sunnhordland museum

Eit samla utval vedtok at dei var ugilde etter forvaltingslova § 6, bokstav e.

Det var 10 medlemar til stades.

### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag art samrøystes vedteke.

### Vedtak

Utval for kultur, idrett og regional utvikling løyver kr 2 000 000 frå budsjettpost 10.400.660.00

Museumsløft slik:

	Søklar	Prosjektnamn	Totale utgifter NOK	Søknads-sum NOK	Løyving NOK
1.	Stiftelsen Bymuseet i Bergen	Revisjon av driftsavtalar - Juridisk kompetanse.	220 000	220 000	<b>220 000</b>
3.	Museumssenteret i Hordaland, avd. Bevaringstenestene	Innkjøring og utprøving av mobilt varmekammer (Fellessøknad)	900 000	400 000	<b>200 000</b>
4.	Museumssenteret i Hordaland, avd.	Utvikling av tematisk ansvarsmuseum for industriarven.	400 000	400 000	<b>50 000</b>

	Norsk Trikotasjemuseum				
6.	Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum	Digitalisering og tilgjengeliggjøring av Bergens Sjøfartsmuseums fotosamling.	890 000	150 000	<b>150 000</b>
7.	Sunnhordland museum	Nettverk maritim historie - museumssamarbeid med lokale aktører.	455 000	380 000	<b>380 000</b>
9.	Nynorsk kultur-sentrum (i samarbeid med Sunnhordland museum)	Økland-huset: eit forprosjekt for ny modell for forvaltning og drift av kunstnarheimar.	390 000	240 000	<b>150 000</b>
10.	Den Weis-Rosenkronske Stiftelse	Ny digital historisk utstilling med utgangspunkt i ny forskningsplan pkt 7.	350 000	200 000	<b>185 000</b>
11.	Norsk Vasskraft- og industristadmuseum	Biletspelet Industripionerane.	1 505 000	325 000	<b>325 000</b>
12.	Museumssenteret i Hordaland (i samarbeid med Hardanger og Voss museum og Sunnhordland museum)	Utvikle samarbeidsmodell for musea i Hordaland for å sikre og vidareføre den tekstile kunnskapsarven.	456 000	340 000	<b>340 000</b>
				<b>Til saman</b>	<b>2 000 000</b>

2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling avslår følgjande søknader:

	Søklar	Prosjektnamn	Totale utgifter NOK	Søknads-sum NOK	Løyving NOK
2.	Museumssenteret i Hordaland, avd. Bevaringstenestene	Nytt fellesmagasin for musea i Hordaland, vidareføring av søknad frå 2016. (Fellessøknad)	700 000	322 000	<b>0</b>
5.	Stiftelsen Bymuseet i Bergen	Avfukting - Museumsbygg/magasin.	250 000	250 000	<b>0</b>
8.	Stiftelsen Museum Vest	Museumsslosen - digital fellesløsning for museum-skule samarbeid.	1 950 000	200 000	<b>0</b>

## PS 130/17 Tildelingar Hordaland fylkeskommune sine kunstnarstipend 2017

## PS 131/17 Ymse

### Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 25.10.2017

#### *Spørsmål frå medlemane:*

Siri Klokkestuen spurte leiar om administrasjonen kunne legge fram sak om korleis kommunane tek økonomisk ansvar for dei regionale musea. Ho bad om historisk bakgrunn for tidlegare system med fordelingsnøkkel mellom stat, fylke og kommune og statistikk som syner korleis kommunane bidreg til musea i Hordaland.

Kst. fylkesdirektør Per Morten Ekerhovd orienterte om museumsreforma og tre-delinga av ansvaret mellom stat, fylkeskommunar og kommunar. Administrasjonen vil legge fram sak der dette vert behandla.

#### *Orientering frå administrasjonen:*

Kst. fylkesdirektør Per Morten Ekerhovd orienterte om innspelsmøte om ny kulturmelding og til den 42. Kultur- og idrettskonferansen i Hordaland – 15. og 16. november. Orientering om program m.v. vert sendt til utvalet med det første.

#### Delt ut i møte:

- Hefte Open-air office utgjeve av Visit Bergen
- Notatet *Posisjonering for vekst i reiselivet i Hordaland 2018 – 2022 – eit forberedende dokument i en ny reiselivsstrategi for Hordaland*. Utarbeidd av Reiselivsklyngen Visit Voss, Reisemål Hardangerfjord, Samarbeidsrådet for Sunnhordland og Bergen Reiselivslag/Region Bergen.